

# Regional kystsonesplan for Sunnhordland og ytre Hardanger

Metode, analyse og plankart  
VEDLEGG



# Innhold

<b>1</b>	<b>Innleiing.....</b>	<b>1</b>
<b>2</b>	<b>Arealdisponering: Akvakultur vs. bruks- og verneinteresser .....</b>	<b>2</b>
2.1	Sjøtransport og maritim næring .....	3
2.2	Fiskeri .....	4
2.3	Naturgrunnlag i sjø .....	5
2.4	Friluftsliv, landskap, kulturminne.....	7
2.5	Arealplan og forsvaret.....	8
2.6	Resultat.....	9
2.7	Datagrunnlag og feilkjelder .....	10
<b>3</b>	<b>Omsyn til landskaps- natur-, friluftsliv- og kulturminneverdiar .....</b>	<b>11</b>
<b>4</b>	<b>Plankart.....</b>	<b>12</b>
4.1	Overføring frå analyse til plankart: Arealdisponering akvakultur .....	12
4.2	Arealsoner .....	15
4.3	Regionale omsynssoner .....	15
4.4	Regionale punkt og linjer .....	16

# 1 Innleiing

Konkurransen om areala i kystsona er aukande. Kystsona er særst verdifull og attraktiv for både bruks- og verneinteresser. Dei ulike interessene sin *arealbruk* varierer frå sameksistens i tid og rom til eksklusiv og sær eigen bruk. Dette gjer kystsonoplanlegging til ei kompleks og samansett oppgåve, der behovet for heilskapleg tilnærming er tydeleg. Planlegging av kystsona etter plan- og bygningslova er i hovudsak ei oppgåve knytt til arealdisponering og prioritering mellom ulike interesser. Det er eit særskilt behov for å avklare tilhøva mellom interesser som krev eksklusiv bruk av sjøområda. Planarbeidet har hatt særleg fokus på akvakultur. Arealanalysen tar difor utgangspunkt i akvakultur vurdert opp mot annan bruk i sjøareala. Interessekonfliktar mellom andre næringar og annan bruk eller verneinteresser er ikkje analysert.

Det er ei generell målsetjing for planarbeid og planprosessar at arbeidet skal vera kunnskapsbasert og mogeleg å etterprøve. Metodisk tilnærming til resultatata frå akvakulturanalysen og vidareføring til plankart, kartlegging av omsynssoner, samt produksjon av plankart er skildra i eigen rapport.

## 2 Arealdisponering: Akvakultur vs. bruks- og verneinteresser

Akvakultur er ei stor og viktig næring for Sunnhordland. Samstundes er regionen med Hardangerfjorden det tettaste oppdrettsområdet i landet, med utfordringar knytt til miljø og fiskehelse. Det er i samband med regionalplanen derfor laga ein eigen akvakulturanalyse som set fokus på alle tilhøve kring oppdrett av laks og regnbogeaure i planområdet, sjå eigen rapport. Det er ålment kjent at hovudutfordringane per i dag til oppdrettsnæringa i regionen er knytt til lus, genetisk påverknad på vill-laks pga rømming, samt sjukdom på fisk. Hovudkonklusjonen frå analysearbeidet er at nedlegging/fjerning av lokalitetar i regionen i liten grad vil påverke eller løyse desse miljøutfordringane. Samstundes er konklusjonen i akvakulturanalysen at ei betre samordning av brakkleggingssoner og avlusingstidspunkt vil kunne betre situasjonen. Ei konsentrering av produksjonen på gode lokalitetar vil såleis bidra i positiv retning for å utvikle næringa i planområdet.

Den framtidige arealdisponeringa for akvakultur i området er såleis i første rekkje knytt til utviding av eksisterande lokalitetar, samanslåing av fleire lokalitetar til større oppdrettsområde, samt nye område. Dei rettleiande avstandane for ulike typar akvakulturanlegg som er foreslått av Mattilsynet er ikkje tekne med i analysen. Dette er tilhøve som må avklarast gjennom dei enkelte søknadane.

Analyse av vekstpotensialet i akvakulturnæringa er gjennomført som ei interesseavklaring mellom akvakultur og andre bruks- og verneinteresser, der dei ulike interessene er prioritert og vektta opp mot kvarandre. Gjennom analysen ønskjer ein å avklare interessekonfliktar mellom akvakultur og andre bruks- og verneinteresser på eit overordna nivå. Analysen er basert på kjente og tilgjengelege digitale data. Uavhengig av analysen skal det ved konsesjonssøknad for akvakulturanlegg gjennomførast ei grundig vurdering basert på lokale tilhøve før lokaliteten eventuelt vert godkjent. Utviding og nye område må i tillegg klargjerast gjennom kommuneplanens arealdel.

Akvakulturnæringa beslaglegg areal på vassoverflata, vassøyla og på botn. Lovverket set eit generelt ferdselsforbod kring akvakulturlokalitetar på 20 meter frå anlegget på sjøflata, og fiskeforbod på 100 meter frå anlegget på sjøflata. Arealet knytt til anlegget på sjøflata kan ikkje kombinerast med annan bruk, noko som føreset eksklusiv bruk av arealet. Arealet der fortøyingane ligg ekskluderer annan bruk, til dømes fiske med botntrål, men hindrar i mindre grad ferdsel over fortøyingane.

Ulike sektorinteresser er analysert og vurdert opp mot arealbruk til akvakultur, dvs. produksjon av laks og regnbogeaure. Det er gjennomført ein arealanalyse med utgangspunkt i eit sett med kriterium som deler sjøområda inn i tre ulike *kategoriar*. Desse tre kategoriane er definert slik:

- Raud kategori: Akvakultur er ikkje foreinleg med andre bruks- og verneinteresser. I desse områda er andre interesser prioritert framom akvakultur.
- Gul kategori: Akvakultur kan vera aktuelt i desse områda ut frå vurderingar knytt til lokale tilhøve. I desse områda er det registrerte interesser, men prioritering mellom desse og akvakultur er ikkje endeleg klarlagt. Avklaring mellom sektorinteresse og akvakultur må gjennomførast som del av kommuneplanen sin arealdel eller søknad om ny/endra akvakulturlokalitet
- Grøn kategori: Det er ikkje registrerte bruks- eller verneinteresser i området og etablering av akvakultur kan derfor vera mogeleg. Områda må såleis sjåast i samanheng med anna arealforvaltning i kommuneplanen sin arealdel.

Det vert for orden skuld presisert at etablering og godkjenning av akvakulturlokalitetar uansett må gjerast etter anna lovverk. Kystsoneplanen viser såleis berre mogeleg areal for etablering av nye lokalitetar eventuelt utviding av eksisterande lokalitetar.

Dei ulike interessene i sjøareala er klassifisert i 5 hovudtema som er nærare skildra ei eigne avsnitt:

- Sjøverts transport og maritim næring
- Fiskeri
- Naturgrunnlag i sjø
- Friluftsliv, landskap, kulturminne
- Arealplan, forsvaret

## 2.1 Sjøtransport og maritim næring

Ferdsl og næringsområde i sjø (utanom akvakulturanlegg) er sentralt for dette hovudtemaet. Trygge, effektive og godt tilgjengelege farleier er avgjerande for bruken av sjøområda. Sentralt i dette er *Farledsnormalen* og Kystverket som sektormynde. Arealbruk knytt til sjøtrafikk og maritim næringsaktivitet varierer i både tid og rom. Dette gjer det ekstra utfordrande å prioritere mellom ulike arealbruksinteresser i desse områda.

- Farlei/sjøverts ferdsel

Sentrale moment er tryggleik og effektiv sjøtransport. Akvakulturanlegg kan vera ei hindring for fri ferdsel på sjøen, og ved konsesjonssøknad for akvakulturanlegg vert konsekvensar for farlei vurdert. Dette må gjennomførast for kvar enkelt søknad basert på lokale tilhøve og detaljert dokumentasjon knytt til anlegg og farlei.

I analysen har ein sett på overordna tilhøve for sjøverts transport. Det er søkt å differensiere mellom område basert på vektning av verdi for farleia eller deler av denne. Farleier er difor delt i både raud og gul kategori. Raud kategori omfattar særskilt viktige farleier som må haldast opne og tilgjengelege i full utstrekning, medan gul kategori omfattar farleier der det i større grad kan opnast for lokale tilpassingar.

Hovudleia er hovudtransportåra for større fartøy og har mykje ferdsel. Innan planområdet går denne nord/sør gjennom Langenuen, og inn/ut Hardangerfjorden frå Bømlafjorden. *Nyleia* mellom Bømlø og Stord er definert som ei bilei, men er likevel sentral for ferdsel. Hovudleier og *Nyleia* er viktig å halde tilgjengelege for trygg og effektiv sjøverts trafikk, og ligg i raud kategori. Det er også viktig å halde dagens ferjestrekningar fri for hindringar med omsyn til effektivitet og trygg tilkomst. Dagens ferjestrekningar er definert som raud kategori.

Innanfor planområdet er det fleire store og viktige offshorebedrifter som har behov for effektiv og trygg tilkomst til sjøområde. Transport av plattformer, riggar og andre typar installasjonar har behov for både breidde og djupne ved transport ut/inn av eller gjennom planområdet eller mellom hamner i planområdet. På bakgrunn av dette er farleia til Ølen og i Selbjørnsfjorden også definert som raud kategori.

Farledsnormalen tilrår ei sone på 1000 meter på begge sider av hovud- eller bilei som utgangspunkt for breiddebehov for sjøtrafikkareal. I analysen har ein funne område som har behov for meir enn 1000 meter breidde, til dømes der fleire leier møter kvarandre (større «kryss»). Vidare har ein funne område som har behov for mindre enn 1000 meter breidde, til dømes i område med mindre trafikk og/eller der kystlinja avgrensar arealet. Sjøområda er delt inn i ansvarsmynde, høvesvis Kystverket eller kommunane/hamnemynde. Denne ansvarsfordelinga er kartfesta og er nytta som del av analysen. For å kvalitetssikre dette datasettet er AIS (Automatisk IdentifikasjonsSystem) for skipstrafikk i 2014 nytta. AIS-plott har vore sentralt for å prioritere farleier i kategori raud eller gul.

- Ankringsområde, riggområde og opplagsområde

Det er registrert fleire maritime og oljerelaterte næringsområde i planområdet, dvs. ankrings- og opplagsområder for skip og riggar. Arealbehov for desse områda er knytt til naturgitte tilhøve som til dømes skjerma område, samt strategisk plassering i høve til nærleik til hamn/ næringsområde. Bruk av områda krev at areala er fri for installasjonar knytt til andre interesser i vassøyla eller på sjøbotn.

Bruk og aktivitet knytt til desse areala varierer i tid, men ved behov er dei særleg strategiske for den maritime og oljeretta næringa. Ankringsområde og riggområde er klassifisert som raud kategori. Arealane er ikkje vekta og prioritert. Når det gjeld opplagsområde, er datagrunnlaget prega av manglande oppdatering og revisjon basert på faktisk bruk. På bakgrunn av dette er opplagsområde klassifisert som gul kategori.

	Buffer	Kategori	Innhald
Farlei/ferdsel	*		Hovudleier, <i>Nyleia</i> , ferjestrekningar, større kryss, lei for offshorenæringa (Selbjørnsfjorden og Ølensvåg)
Farlei/ferdsel	*		Resterande bilei
Ankringsområde	0 m		Alle registrerte ankringsområde
Riggområde	0 m		Alle registrerte riggområde
Opplagsområde	0 m		Alle registrerte opplagsområde

\* Kystverket har definert linje som hovudlei og bilei. Analyse av ferdsel og farlei er i hovudsak basert på Farledsnormalen og AIS-data. Desse datagrunnlagane dannar eit bilete av ferdsel på sjø.



## 2.2 Fiskeri

Kystfiske er ei viktig næring i Sunnhordland. Yrkesfiskarane nyttar i utgangspunktet sjøareal langs heile kysten. Fiske kan som hovudregel kombinerast med annan arealbruk, med unntak av faste installasjonar på sjøen, samt at nokre typar fiskeri ikkje lar seg kombinere med installasjonar på botn (til dømes botntrål). Fiskeområde for både passive og aktive reiskap er kartfesta, men bruken av dei varierer. I nokre fiskeri er fiskarane avhengige av å kunne følgje fiskebestandane.

Dei kartfesta fiskeområda er henta frå Fiskeridirektoratet si nett side, og datasetta er delvis verdisett og prioritert, og omfattar ulike bruksområde. Det er valt å ikkje differensiere fiskeområda i verdi i analysen. Alle fiskeriinteressene er klassifisert i gul kategori. Dette er gjort ut frå behov for å oppdatere datagrunnlaga, vurdere moglege sameksistens med akvakulturføremål, og behov for lokalpolitisk prioritering mellom næringsinteressene.

Avgjerande moment for fiskeriinteressene er tilgang og tilkomst til areal for å drive fisket. Hindringar og moglege negative effektar generert av oppdrettsnæringa, er såleis i hovudsak knytt til sjølve anlegga med tilhøyrande fortøyingar/ankring, og fiske- og ferdselsforbod rundt anlegga. Ved konsesjonssøknad for akvakulturanlegg vert tilhøva til fiskeri vurdert basert på lokale tilhøve. Dette må gjennomførast for kvar enkelt søknad då det krev detaljert dokumentasjon og lokaltilpassa vurderingar, til dømes når det gjeld omfanget av forankring av anlegget.

- Fiskeområde - aktive reiskap

Fiske med aktive reiskap er definert som fiske der det er reiskapen som oppsøker fisken og inkluderer blant anna fiske med not og trål.

- Fiskeområde - passive reiskap

Fiske med passive reiskap er definert som fiske der det er fisken som oppsøker reiskapen, og omfattar blant anna fiske med garn, line, snøre, ruse og teine (tradisjonelle reiskap).

### Reketrål

Når det gjeld fiske med reketrål er det konkrete, avsette område som vert nytta. Det er registrert fleire trålfelt i planområdet, der dei fleste er knytt til reketrålning. Lovverket forbyr trålning grunnare enn på 100 meter djupne. På trålfelta er botnen eigna, både som substrat/habitat for målarten, og substrat som det er mogleg å tråla på utan å øydeleggja reiskapen. Slike område er avgrensa, og dersom deler av eit rekefelt vert beslaglagt, til dømes av fortøyingar, kan det bety at det ikkje lenger er mogleg å nytta feltet. Fleire av dei registrerte trålfelta er allereie i dag forringa ved at det er etablert tiltak innanfor avsett område. Aktivitet knytt til reketrålning har gått tilbake dei siste 15-20 åra i planområdet, mellom anna på grunn av bestandssituasjonen til reker eller økonomiske tilhøve. Dette er faktorar som endrar seg over tid, og felte kan igjen bli viktige. Datagrunnlaget for trålfelt i planområdet har behov for ei oppdatering og ei ny prioritering. På bakgrunn av dette er trålfelt klassifisert som gul kategori.

### Kaste- og låssettingsplassar

Kaste- og låssettingsplassane i Hardangerfjorden har særskild nasjonal interesse i samband med det historisk rike brislingfisket. Kaste- og låssettingsplassar er avhengige av gode tilhøve for tilkomst og naturgitte tilhøve, til dømes godt skjerma område. Det er registrert om lag 480 kaste- og låssettingsplassar i planområdet i Fiskeridirektoratet sin kartportal. Rettleiar frå Mattilsynet for etableringssøknadar for m.a. akvakulturanlegg tilrår ein minsteavstand på 1,5 km i sjø frå låssettingsplassar som er avsett i gjeldande kommuneplanar. Denne avstanden er sett mellom anna på bakgrunn av smitteomsyn mellom villfisk og oppdrettsfisk. Dei eksisterande låssettingsplassane i området er så lite i bruk at dette ikkje er ei reell problemstilling, og den rettleiande avstanden er ikkje nytta i analysen. Tilpassingar og tilkomst til låssettingsplassane må vurderast lokalt i samband med etableringssøknadar. Alle registrerte kaste- og låssettingsplassar er klassifisert i gul kategori.

	Buffer	Kategori	Innhald
Fiskeområde passive reiskap	0 m		Alle definerte fiskeområde for passive reiskap
Fiskeområde aktive reiskap	0 m		Alle definerte fiskeområde for aktive reiskap
Kaste- og låssettingsplassar	0 m		Alle definerte kaste- og låssettingsplassar

## 2.3 Naturgrunnlag i sjø

Det er eit rikt biologisk mangfald i planområdet, og kjente registreringar reflekterer variasjonen og kvalitetane. Kvalitet/verdi, samt føre-var prinsippet er viktige moment i analysen. Avgjerande moment er kva effekt eller påverknad oppdrett har for naturgrunnlaget og kva naturgitte tilhøve har å seie for akvakulturnæringa.

Eit sentralt moment er føre-var prinsippet som er eit av dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldslova. Effektar frå oppdrettsnæringa er mellom anna knytt til utslepp av partiklar, organisk stoff/nærings salt og kjemikalium, samt etablering av fortøyingar/ankring. Ved konsesjonssøknad for akvakulturanlegg vert tilhøve kring naturmangfald vurdert basert på lokale tilhøve. Dette må gjennomførast for kvar enkelt søknad då det krev detaljert dokumentasjon og lokaltilpassa vurderingar.

- **Naturtypar i sjø**

Datasettet har ei differensiert verdisetting av registreringane (A-C), og desse er nytta direkte i analysen. Naturtypar med verdi A er klassifisert som raud kategori. I tillegg er alle registreringar knytt til ålegrassamfunn klassifisert som raud kategori. Ålegrassamfunn er ein naturtype som er foreslått som utvalt naturtype, jf. naturmangfaldslova kap. 6. Alle andre registrerte naturtypar er klassifisert som gul kategori.

- **Korallar**

Korallar er registrert som punktvis førekomstar, og ein kjenner per i dag ikkje til utstrekning av områda. Det vert forska på kva effektar oppdrettsnæringa kan ha på korallar, men per i dag finst ikkje offisielle minimumsavstandar for å hindre eller redusere effektar frå oppdrettsanlegg. Lokale tilhøve som dominerande straumretning er eit viktig moment i vurderinga. Rettleiande avstand frå naturreservat er 1000 meter i følgje Fylkesmannen, men i realiteten vert ikkje dette nytta i forvaltninga for naturreservat. Korallar er vurdert til å ha tilnærma lik verdi som eit naturreservat, og med bakgrunn i ukjent utstrekning, straumretning og ikkje offisiell minimumsavstand, er 1000 meter buffer kring punktfastr korallar nytta i analysen. Korallar er klassifisert som raud kategori.

- **Naturvernområde og forslag til marint verneområde**

Dei fleste naturvernområda i planområdet knytt til sjøområda er sjøfuglreservat. Rettleiande avstand frå naturreservat er 1000 meter i følgje Fylkesmannen, men i realiteten vert ikkje dette nytta i forvaltninga. I forskrift til sjøfuglreservata er det eit generelt ferdselsforbod på land og 50 meter frå land i gitte tidsperiodar (hekkeperiodar). I analysen er sjøfuglreservat og sona på 50 meter frå reservatgrensa klassifisert som raud kategori. Andre naturvernområde er også klassifisert som raud kategori, men omfattar berre arealet innanfor vernegrensa.

Fylkesmannen har våren 2015 starta opp arbeid knytt til oppretting av marine verneområde i sjø for å ta i vare marine verneverdiar ref. naturmangfaldslova § 39. I planområdet er det forslag til to slike marine verneområde. Utstrekning og føringar for områda er per i dag ikkje definert. Basert på usikkerheit knytt til utstrekning og kva føringar verneområda vil ha for oppdrett, er forslag til marine verneområde klassifisert som gul kategori.

- **Villfisk - ressursområde**

Sentrale ressursområde for fisk og fiskebestandane er gyte-, oppvekst- og beiteområde. Gyteområda er særleg sårbare, og at det er viktig at desse områda har best mogleg miljøtilhøve. Gyteområda er nøkkelområde for reproduksjon hos fisk, og tiltak kan redusere verdien av eit gytefelt gjennom å påverke rekruttering og overleving. Det er to ulike datasett knytt til gyteområde. Områda definert av Fiskeridirektoratet omfattar heile planområdet og alle artar, og er klassifisert som raud kategori. Gyteområda definert av HI omfattar deler av planområdet og gjeld berre torsk. Desse er klassifisert som gul kategori. Oppvekst- og beiteområde er klassifisert som gul kategori.

- **Nasjonal laksefjord og anadrome vassdrag**

Etnefjorden/Ølensfjorden er definert som nasjonal laksefjord. I desse fjordane er det ikkje er høve til å etablere matfiskoppdrett for laksefisk. Areal definert som nasjonal laksefjord er klassifisert som raud kategori.

Det er mange anadrome vassdrag i planområdet, men per i dag er ikkje alle desse registrert digitalt. Basert på usikkerheit er det valt å nytte nasjonalt registrerte anadrome vassdrag i analysen (lakseregisteret). Rettleiar frå Mattilsynet for etableringssøknadar for m.a. akvakulturanlegg, tilrår ein minsteavstand på 2,5 km i sjø frå viktige lakseførande vassdrag på grunn av omsyn til smittefare. Omsyn til rømming og genetisk innblanding er ikkje inkludert i vurderinga. Anadrome vassdrag med tilhøyrande buffer er klassifisert som gul kategori.

- **Naturgitte tilhøve**

Alle vassførekomstar er definert og vurdert som del av arbeidet med *Vanndirektivet*. Sjøområda i planområdet er inndelt i fleire kystvassførekomstar. Kvaliteten på kvar enkelt kystvassførekomst er vurdert med omsyn til fleire parametarar, der eitt av dei er vatnet si opphaldstid. Dagens oppdrettsteknologi krev god vasskvalitet og ein har valt å nytte parameteren på opphaldstid som kriterium i analysen. Kystvassførekomstar med opphaldstid lengre enn månadar/år er klassifisert som gul kategori på bakgrunn av at det allereie er eksisterande anlegg i slike område.

	Buffer	Kategori	Innhald
Naturtypar i sjø	0 m		Naturtypar med registrert verdi A, samt alle registreringar av ålegrassamfunn uavhengig av verdi
Naturtypar i sjø	0 m		Resterande naturtyperegistreringar
Korallførekomstar	1000m		Korallførekomstar er registrert som punkt og ikkje utstrekning. Difor sett ein generell buffer på 1000 meter kring alle registreringar
Naturvernområde	*		Naturvernområde som ligg i eller i tilknytning til sjø
Forslag til marint verneområde	0 m		Prosess kring avgrensing og det er pt. ikkje definert restriksjonar eller føringar for området
Nasjonale laksefjord	0 m		Ikkje opna for oppdrett av anadrom fisk
Gyteområde/gytefelt	0 m		Definert av Fiskeridirektoratet, basert på intervju med fiskarar. Inkluderer alle artar, men hovudsakleg torsk og sild
Gyteområde torsk, MB	0 m		Definert av HI. Datasettet dekkjer ikkje heile planområdet, og inkluderer berre område som er valt ut og verifisert med undersøkingar i felt.
Oppvekstområde /beiteområde	0 m		
Anadrome vassdrag	2500m		Rettleiar frå Mattilsynet tilrår avstand på 2,5 km frå anadrome vassdrag
Kystvassførekomstar/vatn med opphaldstid på månadar/år	0 m		

\* Naturvernområde er differensiert der naturvernområde knytt til sjøfuglreservat er gitt 50 meter buffer (tilsvarende ferdselsforbod), og andre reservat ingen buffer.



## 2.4 Friluftsliv, landskap, kulturminne

Planområdet har eit rikt mangfald knytt til friluftsliv, landskap og kulturminne, som reflekterer variasjon og kvalitet. Avgjerande moment er kva effekt eller påverknad oppdrett har for desse interessene. Ein del av datasetta har differensiert verdi, og for nokre tema har ein nytta desse i analysen.

Sentrale moment er oppleving, attraksjon, og bruksmoglegheit. Påverknad frå oppdrettsnæringa kan vera direkte som ferdselshindring, eller indirekte som visuell oppleving. Akvakulturanlegg kan for nokre opplevast som ei negativ, forureinande oppleving eller hindring, men for andre kan det opplevast som eit viktig og næringsretta mangfald (individuell persepsjon). Ved konsesjonssøknad for akvakulturanlegg vert tilhøve kring desse tema vurdert basert på lokale tilhøve. Dette må gjennomførast for kvar enkelt søknad då det krev detaljert dokumentasjon og lokaltilpassa vurderingar. På bakgrunn av dette er alle registreringar knytt til friluftsliv og landskap/kulturlandskap klassifisert som gul kategori. Unntaket er automatisk freda kulturminne som er klassifisert i raud kategori.

- Friluftsliv

Friluftsliv er sterkt kopla til oppleving og aktivitetar i strandsona eller på sjøen. Statleg sikra friluftsområde har høg verdi, og er ofte tilrettelagt for ålment friluftsliv. For å sikre tilkomst og positiv oppleving av områda, er det sett bufferavstand på 500 meter frå desse friluftsområda.

Regionale friluftsområde er kartlagt for heile Hordaland og FINK-område i Rogaland (Fylkesdelplan for friluftsliv, idrett, naturvern og kulturvern). Desse er registrert med differensiert verdi (A-C) og bruksområde. I analysen har ein valt ut område som er verdisett som viktig eller svært viktig (A og B), som ligg tett på kystlinja og i sjø, og som har ein bruksverdi knytt til sjø og strandsona.

Lovverket sett eit generelt ferdselsforbod kring akvakulturlokalitetar på 20 meter frå anlegget på sjøflata, og fiskeforbod på 100 meter frå anlegget på sjøflata. Det er ønskeleg å ha moglegheit for ferdsel mellom akvakulturanlegga og land. I analysen har ein generelt sett 100 meter buffer ut i sjø frå land (N50). Dei naturgitte tilhøva vil påverke om eit akvakulturanlegg kan leggjast nærare enn dette. I nokre område kan det såleis vera naturleg å ligge tettare på land. På bakgrunn av dette er avstand til land klassifisert i gul kategori.

- Landskap

Planområdet har eit variert landskap og temaet er tett knytt opp til friluftsliv. Landskapstypar og verdisetting av desse er kartlagt for heile Hordaland. I Rogaland har ein kartlagt *Vakre landskap*. Registreringane i Hordaland har differensiert verdi (1-5, der 5 er høgast verdi). I analysen har ein valt ut område som er verdisett med stor verdi og særst stor verdi (4 og 5) og som ligg tett på land og i sjø.

Landskap av nasjonal kulturhistorisk interesse i Hordaland er kartlagt i regi av Riksantikvaren. Kartfestinga inneber ikkje i seg sjølv eit vern, men skal vera eit kunnskapsgrunnlag for lokal planlegging og forvaltning av landskap med kulturhistorisk verdi.

- Kulturminne

Automatisk freda kulturminne er lovfesta verna/freda. I analysen har ein valt ut kulturminne knytt til fartøy og kulturminne under vatn som er automatisk freda. Desse registreringane er knytt til mellom anna båtstø-anlegg, hamneområde, fiske- og fangstsystem, samt skipsfunn. Desse registreringane er klassifisert i raud kategori.

Hordaland fylkeskommune har vurdert sjøområda i Hordaland med utgangspunkt i marine kulturminne. Dette er store område der det er potensiale for marine kulturminne. På bakgrunn i storleik av områda, samt krav og forbod i kulturminnelova, er område med potensiale for marine kulturminne klassifisert i gul kategori.

	Buffer	Kategori	Innhald
Statleg sikra friluftsområde	500 m		Utval av statleg sikra friluftsområde knytt til strandsona og sjø.
Regionale friluftsområde /FINK	0 m		Regionale friluftsområde med registrert verdi A og B. Utval av område knytt til strandsona og sjø
Avstand frå kystlinje, ferdsel	100 m		Utgangspunkt N50 kystkontur. Ferdsel mellom anlegg og kystkontur
Landskap	0 m		Landskapsområde registrert med høg eller særst høg verdi

Landskap av nasjonal kulturhistorisk interesse i Hordaland	0 m		Alle registreringar
Automatisk freda kulturminne	5 m		Utval av kulturminne knytt til fartøy og kulturminne under vatn
Område med potensiale for marine kulturminne	0 m		Alle registreringar

## 2.5 Arealplan og forsvaret

Eksisterande eller planlagde tiltak i kommuneplan eller reguleringsplan, samt øvingsområde for forsvaret kan vere til hinder for akvakultur gjennom direkte arealbeslag. Avsette område i arealplan til utbyggingsføremål, samt øvingsområde for forsvaret vil medverke til å avgrense areal som er aktuelle for akvakultur. Avgjerande moment er korleis planlagde/eksisterande tiltak påverkar akvakultur.

- Arealplan; kommuneplan og reguleringsplan

Gjeldande kommuneplankart (føremål og omsynssoner), samt reguleringsplanar er nytta i analysen for å fange opp eksisterande eller planlagde tiltak i sjø. Det er gjort uttrekk frå gjeldande kommuneplanar av føremål i sjø knytt til hamn, småbåthamn og småbåtanlegg, samt omsynssoner knytt til natur og friluftsliv. Eksisterande eller planlagde hamneanlegg krev tilkomst og krev eksklusiv arealbruk. Område i kommuneplan avsett til ulike typar hamn og reguleringsplanar med utbyggingsføremål i sjø er klassifisert i raud kategori. Omsynssone for natur og friluftsliv krev ikkje eksklusiv arealbruk, og det er berre nokre av kommunane som har omsynssoner. Omsynssone for natur og friluftsliv er klassifisert i gul kategori.


- Forsvarsinteresser; øvingsområde

Forsvaret har interesser i planområdet knytt til øvingar og øvingsfelt. I analysen har ein nytta område som forsvaret klassifiserer som dei mest vesentlege interessene (ugraderte). Akvakulturanlegg kan påverke aktiviteten som forsvaret kan drive nær eksisterande anlegg, og forsvaret kan påverke moglegheit for etablering av nye akvakulturanlegg. Ved konsesjonssøknad for akvakulturanlegg vert tilhøve kring forsvaret sine interesser vurdert basert på lokale tilhøve. Dette må gjennomførast for kvar enkelt søknad då det krev detaljert dokumentasjon og lokaltilpassa vurderingar. På bakgrunn av dette er forsvarsinteresser klassifisert som gul kategori.

	Buffer	Kategori	Innhald
Kommuneplan; Hamn/ småbåthamn/ småbåtanlegg	0 m		Alle registrerte føremål knytt til hamn, småbåthamn og småbåtanlegg
Reguleringsplanar	0 m		Alle registrerte reguleringsplanar i sjø i gjeldande kommuneplanar
Kommuneplan: omsynssone for naturområde eller friluftsliv	0 m		Alle registrerte omsynssoner
Forsvarsinteresser	0 m		Øvingsområde

## 2.6 Resultat

Mål for analysen er å avklare arealbruk mellom akvakultur (laks og regnbogaure) og andre bruks- og verneinteresser. Interessene er systematisert og klassifisert i tre kategorier: røde «ueigna areal», gule «moglege areal» og grønne «restareal». Resultata frå analysen syner at store deler av sjøområdet har verdiar knytt til ein eller fleire bruks- eller vernekategoriar. Størsteparten av sjøområdet er enten i kategori raud eller gul, det er få og mindre areal i grøn kategori.



## 2.7 Datagrunnlag og feilkjelder

Analysane er gjennomført basert på eksisterande og tilgjengeleg datagrunnlag. Metodikk knytt til analysen med tilhøyrande kriterium er presentert i prosjektmøter og temamøter med ulike sektor- og næringsinteresser til stades. I tillegg har ein hatt direkte kontakt med fagmynde for å avklare ulike tilhøve undervegs i prosessen.

Datagrunnlag for utarbeiding av analysen er henta frå kjente databasar, offentleg tilgjengeleg registreringar og kommuneplanar. Ikkje alle datasett er fullstendige, og det er for nokre tema behov for oppdatering av eksisterande registreringar eller nye kartleggingar for å skaffe eit fullstendig datasett. Analysearbeidet tek utgangspunkt i eksisterande areal-/grensesettingar og verdisetting for dei ulike sektorinteressene. Eventuelle feilkjelder eller usikkerheit i datagrunnlaget blir såleis følgjefeil vidare i analysen. For å redusere effekt av eventuell feilkjelde/usikkerheit er det gjort val i samband med vurdering av kategori for tema, til dømes tema friluftsliv og opplag. For datasetta med usikre arealgrenser har ein valt å klassifisere temaet i gul kategori, og for datasett med usikker verdisetting har ein valt å ikkje differensiere i verdi i analysen.

Feil og generaliseringar i datagrunnlaget, samt i analysane, kan ha påverka kvaliteten på resultatane. Vurderingane er gjennomført på eit overordna nivå og vil spegla realiteten på ein grov måte. Dette er likevel vurdert som eit tilstrekkeleg grunnlag for vurderingar på regionalt plannivå.

Analysegrunnlaget er henta frå:

- Kartverket: N50 grunnkart
- Kommunar: Kommuneplanar (gjeldande) og reguleringsplanar
- Hordaland fylkeskommune: Regionale friluftsområde, landskap, område med potensiale for marine kulturminne
- Rogaland fylkeskommune: FINK, vakre landskap
- Miljøstatus sin kartportal / naturbase: Naturtypar, naturvernområde, forslag til marint verneområde, nasjonal laksefjord, statleg sikra friluftsområde
- Riskantikvaren sin kartportal / Askeladden.ra: Automatisk freda kulturminne, landskap av nasjonal historisk interesse i Hordaland
- Fiskeridirektoratet sin kartportal: Fiskeområde passive og aktive reiskap, kast- og låssettingsplass, gyteområde/ gytefelt, oppvekstområde/beiteområde, korallrev
- Kystverket sin kartportal: Farlei, ankringsområde, riggområde, opplagsområde, arealavgrensing
- Vann-nett sin kartportal: Kystvassførekomstar
- Lakseregisteret: Anadrome vassdrag
- Forsvarsbygg: Øvingsområde
- Kystverket: AIS-plott for 2014, farledsnormalen 2014
- Mattilsynet: Rettileiar for etableringssøknadar for m.a. akvakulturanlegg (2014)

## 3 Omsyn til landskaps- natur-, friluftsliv- og kulturminneverdiar

Kystsona og livet i sjøen har eit stor mangfald. Det er mange interesser som er knytt til arealbruk i kystsona og tillegg er det betydelege verdiar knytt til landskap, natur, friluftsliv og kulturminne her. Kopling sjø og strandsone er særst sterk for tema landskap, natur, friluftsliv og kultur. Bruken av strand- og kystsona er aukande, og i vår region er område knytt til sjø og strandsone svært verdifulle, både til ulike utbyggingsføremål og til rekreasjon.

Det er i samband med regionalplanen gjennomført temaanalyse knytt til sumverknad av tema landskap, natur, friluftsliv og kultur. Temalaga er knytt til både sjøområda og strandsona, og desse er sett i samanheng for å finne koplingar og knutepunkt mellom sjø og strandsone. Dei ulike temalaga danner eit bilde på kor dei registrerte interessene er samla. Alle temalaga har ein verdiskala og denne er nytta i vurderingane og kartfestinga. Areal som har fått ein samla høg verdi er vidare i planarbeidet definert som omsynssone for regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kultur.

Analysen tek utgangspunkt i kjente og tilgjengelege digitale data, og deira verdisetting. Verdiane og omsyna er knytt til kystsona, ein har valt å inkludere både sjøområde og landområde i omsynssonene. I vurdering av omsynssone for landområda er det teke omsyn til at det er naturleg med omsyn til verdiane, t.d. landskap, og topografisk, t.d. Fitjarøyane, å inkludere landareala. Samtidig er det teke med i vurderinga at plankartet skal vera eit lett lesbart kart.

Dei regionalt viktige områda (omsynssonene) i planområdet er avgrensa på bakgrunn av fire verdiar; natur, kultur, friluftsliv og landskap. Område som er vurdert som regionalt viktige når det gjeld alle desse fire verdiane er definert som omsynssoner. Det er i alt sett av 14 slike soner i planområdet. Det har vore viktig å inkludera mangfaldet i regionen, og det er sett av soner i 7 av kommunane i planområdet.

Datagrunnlag for utarbeiding av analysen er henta frå kjente databasar, offentleg tilgjengeleg registreringar, interkommunal strandsoneplan og kommuneplanar. Eventuelle feilkjelder eller usikkerheit i datagrunnlaget blir vil gi følgjefeil vidare i analysen. For å redusere effekt av eventuell feilkjelde/usikkerheit er det gjort val i samband med vurdering og avgrensing av omsynssonene.

Feil og generaliseringar i datagrunnlaget, samt i analysane, kan ha påverka kvaliteten på resultatane. Vurderingane er gjennomført på eit overordna nivå og vil spegla realiteten på ein grov måte. Dette er likevel vurdert som eit tilstrekkeleg grunnlag for vurderingar på regionalt plannivå.

Analysegrunnlaget er henta frå:

- Kommunar: Kommuneplanar (gjeldande)
- Interkommunal strandsoneplan (høyringsversjon), AsplanViak: Sjøbruksmiljø, kulturminnerik strandsone, regionalt reiseliv, registrering av småbåthamn/småbåtanlegg
- Hordaland fylkeskommune: Regionale friluftsområde, landskap, område med potensiale for marine kulturminne
- Rogaland fylkeskommune: FINK, vakre landskap
- Miljøstatus sin kartportal / naturbase: Naturtypar, naturvernområde, forslag til marint verneområde, nasjonal laksefjord, statleg sikra friluftsområde
- Riskantikvaren sin kartportal / Askeladden.ra: Automatisk freda kulturminne, landskap av nasjonal historisk interesse i Hordaland
- Fiskeridirektoratet sin kartportal: Gyteområde/ gytefelt, oppvekstområde/beiteområde, korallrev
- Lakseregisteret: Anadrome vassdrag



## 4 Plankart

Hovudføremålet med plankartet er å synleggjere framtidig arealutvikling eller område som det skal leggest regionale føringar for. Det er utforma nasjonale standardiserte teiknereglar for plankart for regionale planar. Nasjonal produktspesifikasjon for regionalplan (12.12.2014) gir moglegheit for å avsette arealsoner, omsynssoner som faresoner og bandleggingssoner, samt linjer og punkt.

Planområdet omfattar sjøområda og strandsona i kommunane: Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio, Tysnes, Fusa, Kvam og Jondal. I tillegg er sjøområdet i Vindafjord inkludert. Alle desse kommunane grensar mot Sunnhordlandsbassenget og ytre Hardangerfjorden som felles sjøområde. Plankartet har sitt hovudfokus på sjøområda, og planlegg ikkje for arealsoner på land. Plangrensa inkluderer heile arealet til kommunane, og landarealet på fastlandet og øyar. Arealsonene og retningslinjene er i hovudsak knytt til sjøområda. I denne vurderinga er det teke omsyn til at plankartet skal vera eit lett lesbart kart, og på bakgrunn av plannivå og lesbarheit består plankartet i stor grad av arealsoner i sjø og omsynssoner som strekk seg noko inn på land.

### 4.1 Overføring frå analyse til plankart: Arealdisponering akvakultur

Analysen knytt til akvakulturområde for laks og regnbogeaure har definert heile sjøarealet i tre kategoriar: raud, gul og grøn. Tilhøve som eksisterande akvakulturlokalitetar, infrastruktur/utbygging på land og potensiale for utviding av eksisterande lokalitetar er sentrale moment i å implementere resultatane til plankartet. Det er difor gjennomført ei individuell vurdering av kvar enkelt eksisterande lokalitet i høve til potensiale for utviding og kor godt eigna lokaliteten er med omsyn til eksisterande og omkringliggende arealbruk. I vurderingane er det også teke omsyn til ønske om større og samanhengande areal til akvakultur, der det er arealmessig gunstig enten å fortette med fleire anlegg eller auke biomasse på eksisterande anlegg. Større areal som opnar for akvakultur vil også gi fleksibilitet i høve til endring eller justering av eksisterande lokalitet. Eignaheit med omsyn til naturgitte tilhøve, som til dømes straum, krev detaljert oversikt over lokale tilhøve og er difor ikkje vurdert. I konsesjons-søknad for akvakulturanlegg skal det gjennomførast ei grundig vurdering basert på lokale tilhøve før lokaliteten eventuelt vert godkjent.

Overføring av resultat frå analysen til plankartet tek utgangspunkt i eksisterande akvakulturlokalitetar og dagens plassering (matfisk, stamfisk og slaktemerd). Eksisterande akvakulturlokalitetar sin arealbruk på sjøoverflata er kartfesta frå datasett henta frå Fiskeridirektoratet sin kartportal. Faktisk arealbruk omfattar også fortøyingar til anlegget. Ved etablering av nye anlegg eller justering av anlegg skal oppdrettar mellom anna rapportere fortøyingar til Kartverkets sjødivisjon. Rutinar knytt til rapportering og digitalisering av dette er usikre og ikkje heilt konsistente, og det er såleis knytt ein del unøyaktigheit og manglar til datagrunnlaget. Ein del av anlegga i planområdet er ikkje omfatta av datasettet frå Kartverket, og for desse anlegga har ein nytta ein generell regel om at lengda på fortøyingssystema er 2,5 gonger djupna under anlegget. Datasett frå Kartverket er supplert og justert der det er manglar og der ein ser at det er klare feil med bakgrunn i denne generelle regelen. Ut frå kartverket sine data og generell regel til forventta fortøyinglengde er eksisterande akvakulturlokalitetar kartfesta. Bruk av datasettet er på eit overordna nivå og vil spegla realiteten på ein grov måte. Dette er vurdert som tilstrekkeleg på regionalt plannivå. Kommunane bør i si planlegging av sjøområda kvalitetssikre avgrensingane for desse områda.

Plankartet skal omfatte alle typar akvakultur, og ein har henta inn arealbruk knytt til eksisterande lokalitetar til oppdrett av *andre artar* og skaldyr. Eksisterande matfiskanlegg for *andre artar* er kartfesta og det er teikna forventta fortøyinglengde. Eksisterande anlegg for skaldyr er kartfesta utan fortøyingar utover arealbeslaget til sjølve anlegget på overflata.

Nasjonal produktspesifikasjon for regionalplan gir to moglegheiter for å avsette areal til akvakultur. Den eine er reine arealsoner for akvakultur og den andre er kombinert arealsoner som inkluderer akvakultur.


Alle eksisterande akvakulturlokalitetar er vurdert med omsyn til moglegheit for utviding eller endring. Utviding eller endring omfattar sjølve anlegget på sjøflata men også fortøyingane. Vurderingane er knytt til arealinteresser, og tek ikkje omsyn til driftsmessige/forvaltningsmessige tilhøve som t.d. avstand mellom anlegg. Utvidinga/endringa kan omfatte heilt nye anlegg, utviding av eksisterande anlegg med auka MTB, eller flytting av eksisterande anlegg. Alle desse krev nytt areal utover dagens lokalitet.

I vurdering av kor langt nye kombinerte arealsoner som inkluderer akvakultur kan strekke seg utover dagens lokalitetar, er det teke omsyn til eksisterande og planlagt utbygging på land, nærrområdets *tåleevne*, samt sektorinteresser i gul kategori. Konfliktpotensiale knytt til tilkomst/ hindring, samt visuell oppleving, støy og lukt er

større i område utan akvakultur enn i område med eksisterande akvakultur. Erfaringar syner at det generelt er ulik *tåleevne* i høve til kva type busetnad det er på landsida. Til dømes er det lågare toleranse for akvakultur nær hytteområde enn det er nær næringsområde eller bustadområde. Dei nye og utvida områda for akvakultur er i hovudsak lagt utanfor utbyggingsføremål på land, til dømes bustad, fritid eller næring. Ein del av sektorinteressene i gul kategori kan ikkje ha kombinert bruk med akvakultur. Dette gjeld i hovudsak for bruk av sjøarealet over fortøyingar/ ankringspunkt. I denne samanheng er det dels teke omsyn til registrerte trålfelt, som ikkje opnar for sameksistens.

Grunnlaget for å fastsette arealsoner til akvakultur er eksisterande akvakulturlokalitetar med dagens utforming og fortøyingar. Systematisering av type arealsoner og utstrekning er gjort basert på følgjande prinsipp:

- Arealsoner avsett til akvakultur:
  - Eksisterande akvakulturanlegg i gul eller grøn kategori er potensielt eigna for utviding/ending. Eksisterande akvakulturanlegg i denne kategorien er akseptable, og er avgrensa av anlegget med tilhøyrande fortøying. Desse er synt på plankartet som akvakultur arealsoner. Akvakultur arealsonene ligg i stor grad tilknytt nye areal avsett til kombinert arealsoner med akvakultur. Moglegheit for utviding/ending av anlegga er gitt i den kombinerte arealsona.
- Arealsoner avsett til kombinert arealsoner med akvakultur:
  - Utviding av eksisterande akvakulturanlegg i gul eller grøn soner er generelt akseptabelt. Ein har i vurderinga av arealet teke omsyn til djupn og registrerte trålfelt.
  - Eksisterande akvakulturanlegg i raud kategori er generelt mindre eigna for utviding/ending av eksisterande anlegg. Eksisterande akvakulturanlegg gis ikkje moglegheit for utviding/ending, og er avgrensa av anlegget med tilhøyrande fortøying.
  - Eksisterande akvakulturanlegg som ligg i både raud og gul kategori er mindre eigna for utviding i retning raud kategori. Det gis ikkje moglegheit for utviding/ending i retning raud kategori, og er avgrensa av anlegget med tilhøyrande fortøying.
  - Eksisterande akvakulturanlegg innanfor omsynssoner regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv, og kultur er generelt mindre eigna for utviding. Eksisterande akvakulturanlegg gis ikkje moglegheit for utviding, og er avgrensa av anlegget med tilhøyrande fortøying.
  - Eksisterande akvakulturanlegg innanfor forslag til marint verneområde er generelt mindre eigna for utviding fram til prosessen kring verneområda er avklart. I tråd med føre-var prinsippet gis eksisterande anlegg ikkje moglegheit for utviding, og er avgrensa av anlegget med tilhøyrande fortøying.



## 4.2 Arealsoner

Plankartet er basert på arealsoner som enten opnar for sameksistens eller for eksklusiv bruk. Utval av type arealsoner er færre på regionalt nivå enn på kommuneplannivå. Grad av detaljering, prioritering og arealavklaring vert dels styrt av dei nasjonale teiknereglane for plankart. I planarbeidet har det vore særleg fokus på akvakulturnæringa, og ein har valt å tydeleggjere resultat frå analysar i plankartet gjennom å avsette reine arealsoner til akvakultur og differensiere kombinerte arealsoner med eller utan akvakultur.

Fiske er direkte knytt til næringsaktivitet og fisk som ein naturressurs, og kan i stor grad kombinerast med annan bruk av areala. Det er valt å ikkje avsette reine arealsoner til fiske i plankartet, sjølv om teiknereglane opnar for dette. Bakgrunnen for dette er mellom anna høg grad av sameksistens og behov for oppdatert grunnlagsdata for fiskeområde med aktive reiskap.

Følgjande arealsonar er nytta i plankartet:

- Sjø og vassdrag generelt

Arealsona er ei kombinert arealsoner som omfattar kystsone, fiske, akvakultur og naturmangfald i sjø. Dette er område som ikkje er planlagt i detalj og der sektorinteressene har ein sameksistens.

- Sjø og vassdrag generelt utan akvakultur

Arealsona er ei kombinert sone som omfattar kystsone, fiske og naturmangfald i sjø, men ekskluderer akvakultur. Dette er område der sektorinteressene har ein sameksistens.

- Kystsone

Arealsona omfattar arealbruk knytt til hamn og maritim verksemd. I plankartet er eksisterande ankringsplassar og riggområde avsett til kystsone.

- Akvakultur

Arealsona omfattar arealbruk knytt til akvakultur uavhengig av art og driftsform.

- Naturmangfald i sjø

Naturtypar i sjø med svært viktig verdi (A) og alle registreringar knytt til ålegrassamfunn er vist i plankartet som naturmangfald i sjø. Bakgrunnen for å velje ut desse er å framheve naturområde med høg regional verdi, samt naturtypen ålegrassamfunn som er foreslått som utvalt naturtype, og har ein høg verdi nasjonalt.

Registrerte gyteområde er ein viktig marin ressurs og nøkkelområde for reproduksjon hos fisk. Gytefelta som er registrert av Fiskeridirektoratet er vist i plankartet som naturmangfald i sjø. Gyteområda er framheva som ein biologisk ressurs, men også som ein viktig ressursbank for fiskerinæringa.

## 4.3 Regionale omsynssoner

Omsynssoner er eit nytt verktøy i plan- og bygningslova. Eit av føremåla med omsynssonene er å vera eit grunnlag for å vurdere nye planinnspel eller gi rettleiing ved handsaming av dispensasjonssøknadar. Samstundes gir bruk av omsynssoner regional mynde ein moglegheit for å rettleie kommunane i si kommuneplanlegging ved å synleggjere t.d. område med regionalt høg verdi.

Det er valt å synleggjere regionale sektorinteresser knytt til landskap, natur, friluftsliv og kultur som regionale omsynssoner. I standard teiknereglar for regionalplan er det ikkje opna for å nytte omsynssoner knytt til «*soner med angitt særlege omsyn*» som til dømes omsyn for landskap og bevaring naturmiljø (PBL § 11-8, 3. avsnitt bokstav c.). Ein har likevel valt å nytte desse sonene med bakgrunn i behov for å synleggjere regionalt viktige område.

Omsynssoner knytt til PBL § 11-8, 3. avsnitt bokstav c, gir moglegheit for å spesifisere areal på tvers av arealsoner og kva omsyn som skal vektleggast innanfor desse sonene. Dei gir også ein moglegheit å synleggjere samanhengen mellom land og sjø. Det er stor grad av sameksistens i sjøområda, og plankartet består i hovudsak av kombinert arealsoner (sjø og vassdrag generelt, 6001). Omsyna til verneverdiane går på tvers av innhaldet i arealsonene, og det er få andre måtar å synleggjere verneverdiane utover bruk av omsynssoner, fordi det er få arealsoner å velje mellom. Føremålet med omsynssonene er ikkje å ekskludere anna arealbruk, men å gi retningslinjer for bruk og utvikling.

Omsynssonene gir også eit grunnlag for å sikre ei heilskapleg forvaltning av areal som også skal følgjast opp av sektormyndede etter eige sektorregelverk, til dømes kommunane som høyringspart i konsesjonssøknadar etter akvakulturlova.

Følgjande omsynssoner er nytta i plankartet:

- Bandlegging etter lov om naturvern

Denne bandleggingssona omfattar 72 naturvernområde.

For å synleggjere naturverninteressar i eller nær kystsona er det valt å synleggjere naturvernområde som har direkte verdi/ tilknytning til strandsona eller sjø (sjøfugl og våtmark), samt område som ligg i tilknytning til kystlinja. Dei områda som ligg til kystlinja er i hovudsak knytt til skogsområde eller anna plantelivsvern. For å gjere plankartet mest mogleg lesbart er andre naturvernområde ikkje vist i plankartet.

- Omsynssone for landskap, natur, friluftsliv og kultur

Denne omsynssona omfattar verdiar knytt til landskap, natur, friluftsliv og kultur, og er definerte ut frå ein sumverknad av dei fire verdiane. Områda er vurdert som regionalt viktige og inkluderer mangfaldet i regionen.

- Omsynssone for bevaring naturmiljø

- Korallar

Korallar er registrert som punktvisse førekomst, og ein kjenner per i dag ikkje til utstrekning av lokalitetane. På bakgrunn i føre-var prinsippet, samt korallane sin status og sårbarheit for inngrep, har ein valt å synleggjere korallregistreringar med omsynssone som omfattar 1000 meter buffersone kring registrert punkt.

- Forslag til marint verneområde

I planområdet er det forslag til to marine verneområde. Utstrekning og føringar for områda er per i dag ikkje definert, og det er eigne prosessar for dei marine verneområda. På bakgrunn i føre-var prinsippet, samt pågåande prosess, har ein valt å synleggjere forslag til marint verneområde med omsynssone.

## 4.4 Regionale punkt og linjer

Ein har valt å synleggjere ein del sektorinteressar knytt til maritim næring i plankartet som regionale punktsymbol og farlei som linje. I nasjonal produktspesifikasjon for arealplan del 2.2. regionale arealplaner (12.12.2014)

- Trasé for farlei: Farlei, hovud- og bilei
- Kommersiell hamn / Hamn: punktsymbol
  - ISPS (International Ship and Port Facility Security Code) hamn: Alle registrerte ISPS hamner er synt i plankartet. ISPS-koden fastlegg eit minimum av sikringstiltak i hamneanlegg for å forbetra tryggleiken for skip i internasjonal fart.
  - Regionalt viktig fiskerihamn: Utvalte større fiskerihamner er synt i plankartet. Dette omfattar Langevåg i Bømlo kommune, samt Torangsvåg, Storebø og Salthella i Austevoll kommune.
  - Nødhamn: Alle registrerte nødhamner er synt i plankartet.





Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



Agnes Mowinckels gate 5  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Telefon: 55 23 90 00  
E-post: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

April 2015. Regionalavdelinga.